



Byggadministrasjon
Harald Bjørndal a.s
Fjord n Senter
5640 EIKELANDSOSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/619 - 16/14247

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
07.07.2016

Godkjenning - Mindre reguleringsendring Moldekleiv, Austbygda, endra trasé for Veg 9 - område B1, gnr 27 bnr 75 m.fl.

Administrativt vedtak, sak 239/2016

Saka gjeld:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har på vegne av grunneigar Leigland Eiendom AS søkt om ei mindre endring av reguleringsplanen for Moldekleiv, Austbygda, arealplan-ID 125619780001. Endringa berører også del av seinare reguleringsendring for Moldekleivmarka, arealplan-ID 125619880003.

Endringa gjeld justering av traséen for veg 9, felles privat veg, i område B1. I første byggetrinn vart vegen bygd feil ihøve til reguleringsplanen, med stigning på om lag 16,9 % i staden for regulert 12,5%. Før utbygging av dei siste tomtene er det nødvendig å korrigere vegtraséen til planlagt nivå og slik at utrykningskøyretøy mm kan ta seg fram. Lindås og Meland Brannvesen har i tilbakemelding av 07.08.2015 stadfesta at vegen slik den er bygd ikkje har akseptabelt stigningsnivå.

Det vert vist til plankart og planmateriale datert 01.06.2016.

Nabovarsling:

Endringa er breitt nabovarsla ved rekommanderte sendingar 12.05.2015. Det er ikkje kome merknader til endringa.

Høyring:

Endringar har ikkje vore sendt på høyring då den ikkje rører ved andre offentlege eller private instansar eller interesser.

Vurdering:

Endringa må ta utgangspunkt i eksisterande kommunal veg og eksisterande avkjørsler til dei bygde tomtene. Det er gjort ved at noko av tomtearealet på dei utbygde tomtene er teke i bruk til vegareal, men utan at tomte kvaliteten vert redusert. Frisiktilhøva og utforming av avkjørsla til kommunal veg er godt ivareteke etter endringa. Stigningen på vegen er no 12,5 % og i tråd med opprinneleg plan.

Justeringa medfører ingen endringar i reguleringsføresegnene, og påverker ikkje andre partar eller interessentar enn grunneigar. Eksisterande bustader får betre tilkomsttilhøve etter at justeringa er gjennomført.

Endringa er framstilt på eige plankart og i tråd med gjeldande SOSI-standard.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 mindre endring av reguleringsplanen for Moldekleiv, Austmarka, gnr 27 bnr 75 m.fl., arealplan-ID 125619780001. Godkjenninga medfører også mindre endring av reguleringsendring for Moldekleivmarka, arealplan-ID 125619880003. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Endringa er godkjent som vist på endringskart datert 01.06.2016 og med tilhøyrande planskildring.»

Reguleringsendringa fell inn under kategorien «små endringar» og er behandla administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4, plan- og bygningslova §12-14 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Plankart - Reguleringsendring for del av Moldekleiv, Austbygda gnr 27 bnr 75 m.fl (L)(191395)

Planskildring - Reguleringsendring for del av Moldekleiv, Austbygda gnr 27 bnr 75 m.fl (L)(191394)